

Til NVE

I den nasjonale ramma for vindkraft ser eg at området frå Hatlelifjell i øst og heile området vestover til Robba er inntegna i Høyanger Kommune.

Lavik IL fjelltrimgruppa har alltid hatt eit flott stinett som mange har brukt og brukar. Dei siste 20 åra har fjelltrimgruppa og bygdefolket jobba dugnad med oppdatering av desse 44 stiane, med bl.a oppslagstavler, skilt og merking av alle stiane i form av maling på stein og tre. Dette inneberer mange 1000 dugnadstimar i åras løp.

Intressa for skog og mark er aukande, det er svert positivt når ein tenkjer på kva gevinst naturen gir, både når det gjeld trim og ikkje minst naturopplevingar.

Personar med ulike plager som revmatisme, muskel og sjelettplager, psykiske lidingar, utbrendtheit og overvekt har stor nytte av trimpostane.

Både skular og barnehagar har nytte av dette og for å ikkje snakke om næringslivet i bygda eksempel Lavik Fjordhotell. Dei marknadsfører seg med turstiane og fjellområda våre.

Vi har og laga eit kart over desse fjelltrimpostane frå Vadheim til Lavik som ligg ute for salg.

Vi har også bygd mange bruer til dette formålet. Dette er for at turgåaren skal føle seg trygge, både unge og eldre. Stiane er mykje brukt både vinter og sommar.

Og da tenkjer eg, har ikkje dette noko verdi når de no skal ta stilling til evt godkjenning for utbygging av vindkraft?

MVH Liv Norunn Raasholm

Leiar i fjelltrimgruppa, Lavik IL

